

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.06.2017

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalget gir rådmannen i oppdrag å stramme opp språkbruken slik at «fossilfri» innarbeides foran «hydrogen» der det passer.»

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MGD, V) og vart difor ikkje oversendt.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek følgjande mål og strategiar for Hordaland fylkeskommune si satsing på hydrogen i Hordaland:

Hovudmål: Etablere ei verdikjede for fossilfri hydrogen i Hordaland, som del av ein større hydrogenmarknad på Vestlandet.

Delmål med strategiar:

1. Etablere nettverk med relevante aktørar, for å utveksle erfaringar og stimulere til felles initiativ.
    - a. Melde seg inn i relevante internasjonale nettverk.
    - b. Etablere eit Vestlandssamarbeid for å utveksle erfaringar og koordinere innsats for hydrogeninitiativ på Vestlandet.
    - c. Samarbeide med andre nasjonale aktørar for å sikre ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte hydrogen som drivstoff i bil og båt, også utanfor fylket.
    - d. Opprette ei intern arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune med deltakarar frå relevante avdelingar og seksjonar, for å koordinere initiativ og samordne ressursane.
  2. I lag med næringsliv i fylket drive fram gode prosjekt som kan bidra til å etablere ein verdikjede for hydrogen.
    - a. Nytte etablerte verkemidlar for å stimulere til klimavenlege hydrogenprosjekt i næringslivet i fylket.
    - b. Bidra til oppbygging av hydrogenbaserte brukarflåter, som drosje, offentlege verksemder eller andre, for å stimulere etterspurnaden etter hydrogen i fylket.
  3. Auke kompetansen om hydrogen som grunnlag for klimavenleg næringsliv.
    - a. Støtte og fremje forskningsprosjekt med hydrogen som tema, der kompetansemiljø frå fylket er deltakarar.
  4. Bidra til utbygging og planlegging av naudsynt infrastruktur for å realisere hydrogenrelaterte prosjekt i fylket.
  5. Bidra til å betre rammevilkåra som kan gjøre fossilfri hydrogen sterkare i konkurransen med fossile energikjelder.
2. Rapportering om arbeidet skal skje årleg i samband med rullering av handlingsprogram for Klimaplan for Hordaland og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.
  3. Ved neste rullering av Klimaplan for Hordaland bør ein vurdere å ta inn dokumentet i planen.
  4. Fylkesutvalet ber administrasjonen gå i dialog med UiB, UiS, HVL og andre relevante utdanningsinstitusjonar for å knytte dei inn i samarbeidet på eit tidleg tidspunkt.